



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

Aukra, 6. juni 2017

Til medlemmene i kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

MØTE NR.: 3/17

TID: 14.6.2017 kl. 09:30

STED: Kommunestyresalen, Aukra kommunehus

SAKSLISTE:

| UTV. SAKSNR. | TITTEL |
|--------------|---|
| PS 16/17 | GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 3. MAI 2017 |
| PS 17/17 | REFERAT OG ORIENTERINGAR |
| PS 18/17 | AUKRA KOMMUNE. ØKONOMIRAPPORT I. TERTIAL 2017 (ettersendes) |
| PS 19/17 | AUKRA KOMMUNE. OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK |
| PS 20/17 | BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT |
| PS 21/17 | OPPFØLGINGSLISTE |
| PS 22/17 | EVENTUELT |

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall vert melde på tlf. 71 11 15 79, evt. mobil 91 37 11 12.

E-post: postmottak@kontrollutvalgromsdal.no

Innkallinga går som melding til varamedlem som vert innkalla etter behov.

Oddvar Hoksnes (s)
leiar

Jane Anita Aspen (s)
daglig leder

Kopi:

Ordfører

Rådmann

Møre og Romsdal Revisjon IKS



Saksframlegg

| Utvalssaksnr | Utval | Møtedato |
|---------------------|-----------------|-----------------|
| PS 16/17 | Kontrollutvalet | 14.6.2017 |

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 3. MAI 2017

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 3. mai 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Bakgrunn for saka

Vedlagt følger protokollen frå førre møte. Protokollen er tidligare utsendt. Ved først utkast til protokoll kom det nokre korrigeringar frå nestleiar Ole Rakvåg. Det er ikkje kome merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen vert formelt godkjent i påfølgande møte samtidig som det vert valt to medlemmer til å signere protokollen.

Jane Anita Aspen
daglig leder



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 2/17
Møtedato: 3.5.2016
Tid: Kl. 09.30 – kl. 13.30
Møtestad: Kommunestyresalen, Aukra kommunehus
Sak nr: 11/17 – 15/17
Møteleiar: Oddvar Hoksnes, leiar (Krf)
Møtande medlemmer: Oddbjørg Sporsheim (V)
Ole Rakvåg, nestleiar (H)
Håkon Inge Sporsheim (Frp)
Wilhelm Andersen (Ap)
Forfall: Ingen
Ikkje møtt: Ingen
Møtande vara: Ingen
Frå sekretariatet: Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen: June B. Fostervoll, rekneskapsrevisor
Ronny Rishaug, oppdragsansvarleg revisor
Av øvrige møtte: Erna Varhaugvik, økonomisjef (under sak 13/17)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Det framkom ingen merknader til innkalling og sakliste.

TIL HANDSAMING:

| UTV. SAKSNR. | TITTEL |
|--------------|---|
| PS 11/17 | GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 8. FEBRUAR 2017 |
| PS 12/17 | REFERAT OG ORIENTERINGAR |
| PS 13/17 | AUKRA KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2016 |
| PS 14/17 | OPPFØLGINGSLISTE |
| PS 15/17 | EVENTUELT |

PS 11/17

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 8. FEBRUAR 2017

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 8. februar 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Wilhelm Andersen
2. Håkon Inge Sporsheim

Kontrollutvalet si handsaming

Wilhelm Andersen og Håkon Inge Sporsheim vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

| | |
|----------|--------------------------|
| PS 12/17 | REFERAT OG ORIENTERINGAR |
|----------|--------------------------|

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Referatsaker:

- RS 07/17 **Kontrollutvalet – Årsmelding for 2016** – utskrift av protokoll frå kommunestyret sitt møte 14.3.2017 i k-sak 28/17.
Nestleiar Ole Rakvåg, informerte kommunestyret på vegne av kontrollutvalet om utvalet sitt arbeid. Nestleiar fekk berre 3 minutt på presentasjonen.
- RS 08/17 **Vurdering av uavhengighet** – Skriftleg eigenvurdering frå oppdragsansvarleg revisor datert 21.4.2017.

Orienteringssaker:

- OS 10/17 **Årsrapport og regnskap for 2016 – Skatteoppkreveren i Aukra kommune**
- OS 11/17 **Kontrollrapport 2016 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Aukra kommune** – brev frå Skatteetaten, Skatt Midt-Norge, datert 15.2.2017 .
- OS 12/17 **Lukka avvik etter forvaltningskontroll 2016 frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, «Gardskartprosessen»** –saksframlegg i formannskapet 30.01.2017, sak 6/17.
Tilsynet viste 1 avvik som no er lukka.
- OS 13/17 **Barnevern** – kopi av Forum for Kontroll og Tilsyn (FKTs) e-post datert 3.4.2017 til Foreningen Familie i barnevern, som kommentar til e-post fra Foreningen Familie i barnevern til alle landets ordførere.
- OS 14/17 **Foreløpige KOSTRA-tall Barnevern 2016**, oversikt tatt ut fra artikkel i Kommunal Rapport, publisert 16.3.2017.

Foreløpige KOSTRA-tal 2016, viser at Aukra kommune har mange fristbrot. Det har også dei andre kommunane som er med i barnevernsamarbeidet. Sidan dette er 2016-tal, ønskjer kontrollutvalet ei oppdatering frå administrasjon om situasjonen når det gjeld barnevern.
- OS 15/17 **Rapport finansforvaltning pr. 31.12.16** – saksframlegg til møte i kommunestyret 25.4.2017, sak 34/17.
I forhold til del av gjeld med fast rente, så er ikkje kommunen si finansforvaltning i samsvar med gjeldande finansreglement. Økonomisjef Erna Varhaugvik informerer om at det truleg vert tilrådd ei revidering av finansregelverket på dette området.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 13/17

AUKRA KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2016

Kontrollutvalet si fråsegn

Kontrollutvalet har i møte 3.5.2017, sak 13/17, handsama Aukra kommune sin årsrekneskap for 2016.

Grunnlaget for handsaminga har vore Årsrapport 2016 inkludert årsrekneskap, revisjonsmelding, datert 24. april 2017. I tillegg har revisjonen og rådmann/økonomisjef supplert utvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Årsrekneskapen inneheld dei oppstillingane som lovkrava seier at rekneskapen skal innehalde.

Aukra kommune sitt driftsrekneskap for 2016 viser kr 261 753 000,- til fordeling til drift, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 11 918 000.-. Netto driftsresultat er positivt med kr 142 023 000.-. Årets bruk av disposisjonsfond i driftsrekneskapen er på 8,6 mill. kroner, medan overføringane til investeringsrekneskapet utgjer kr 0,- som er i samsvar med budsjett.

Disposisjonsfondet pr. 31.12.16 er på kr 362 540 801.-. Av dette utgjer Fond for fastlandsløysing kr 203 850 630.-.

Nokre einingar har hatt mindreforbruk, og nokre einingar har hatt utfordringar med å halde budsjettet i 2016. Samla viser det økonomiske resultatet eit meirforbruk på 2 302 000.- på drift av tenestene. Det er gjort greie for avvika i rådmannen sin årsrapport.

Etter revisjonen si meining er årsrekneskapen avlagd i samsvar med lov og forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk.

Etter utvalet sin gjennomgang av årsmelding 2016 med rekneskap og revisor sin uttale, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen gir eit forsvarleg uttrykk for resultatet av Aukra kommune si verksemd og for kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.2016.

Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen for Aukra kommune for 2016 slik det er avlagt.

Kontrollutvalet si handsaming

Økonomisjef Erna Varhaugvik var tilstades i møte og svarte på spørsmål frå utvalet sine medlemmer. Utvalet sin nestleiar Ole Rakvåg uttrykte at den oppsummeringa som økonomisjefen laga til behandling av Årsrapporten 2015 vart satt stor pris på. Økonomisjefen opplyste at denne oppsummeringa for 2016 ikkje var heilt ferdig enda, men dersom det var ønskeleg, så skulle kontrollutvalet få ei slik oppsummering for framtida. Utvalet ønskjer dette.

Oppdragsansvarleg revisor Ronny Rishaug, hadde innleiingsvis ein presentasjon for utvalet av nokre forhold ved revisjonen som ikkje kjem fram av revisjonsmeldinga. Dette er forhold som ikkje har resultatmessige konsekvensar. Vidare presenterte Rishaug nokre sentrale nøkkeltal for Aukra kommune.

Økonomisjefen vektlegg at sjølv om Aukra kommune har ein svært solid økonomi, så er det eit uttrykt ønske at store delar av disposisjonsfondet skal kunne brukast til fastlandsløysing.

Økonomisjef Erna Varhaugvik, oppdragsansvarlig revisor Ronny Rishaug og rekneskapsrevisor June B. Fostervold svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

| | |
|----------|------------------|
| PS 14/17 | OPPFØLGINGSLISTE |
|----------|------------------|

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av formannskapet, kommunestyret, drift og arealutvalet, livsløps-utvalet og andre politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å følgje opp at administrasjonen sett i verk og gjennomfører dei vedtak som er vedteke av dei ulike politiske organ.

03.05.17: KU fatta i 2016 vedtak om å oppmode til at oppfølginga vert lagt inn i perioderapporteringa til kommunestyret. Sekretariatet har mottatt lister over vedtaksoppfølging frå adm., og har spurt om det betyr at oppmodinga ikkje blir følgt. Dersom oppfølging av vedtak ikkje vert lagt i perioderapportering, så får utvalet framlagt oversiktene i eiga sak i neste møte.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet fekk utdelt oppfølgingslista i møte, då denne var avgløymt ved utsending av møtedokumenta. Utvalet gjekk i gjennom sakene i oppfølgingslista.

Til dette møtet var det ikkje lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til oppfølgingslista.

Det vart ikkje satt fram forslag om å føre opp nye saker på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding til vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

| | |
|----------|-----------|
| PS 15/17 | EVENTUELT |
|----------|-----------|

Retts sak

Utvalsleiar Oddvar Hoksnes viste til at kommunestyret var informert om at kommunen er stevna for retten, og stilte spørsmål om dette er ei sak som kontrollutvalet også bør følgje opp.

Kontrollutvalet si behandling

Sekretær opplyste at fokus for kontrollutvalet knytt til ei slik sak i tilfelle er å følge opp eventuelle rutine- eller systemsviktar som ein dom kan peike på.

Kontrollutvalet sin konklusjon

Utvalet ventar på utfallet av rettsaka, før ein tek stilling til om det er behov for kontrollutvalet å følge opp eventuelle manglar ved rutinar eller system.

Korleis fungerer Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Aukra kommune?

Utvaksmedlem Wilhelm Andersen seier at han har fått signal på at tilsette har slutta/ønskjer å slutte, grunna arbeidsmiljøutfordringar i nokre delar av kommunen.

Kontrollutvalet si behandling

Kontrollutvalet har merka seg, i Aukra kommune sin årsrapport for 2016, at AMU i 2016 ikkje har hatt møter og at AMU i 2015 berre hadde 2 møter og 4 saker.

Etter arbeidsmiljølova skal kommunen ha eit slikt utval, og leiar og for utvalet skal veljast vekselvis mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarane sine representantar. Kontrollutvalet har forstått det slik at ein i AMU i Aukra byter på å vere leiar og sekretær for utvalet.

Kontrollutvalet lurar på korleis det partssamansette samarbeidet i kommunen fungerer.

Utvalet er kjent med at omstillingsprosessar ofte er kritiske fasar der det er viktig at samarbeid fungerer godt.

Kontrollutvalet sin konklusjon:

Utvalet ønskjer å invitere leiar og sekretær for Arbeidsmiljøutvalet (AMU) for å informere kontrollutvalet om korleis dei ser på bruk av AMU. Utvalet ønskjer også svar på kvifor det ikkje var avvikla møter i AMU i 2016?

NKRF sin kontrollutvalskonferanse (utsett frå førre møte)

Det var nestleiar Ole Rakvåg og varamedlem Jørgen Svenheim som deltok på konferansen som var avvikla på Gardermoen i februar. Ole Rakvåg gav utvalet ei oppsummering av innhaldet i konferansen.

Har kommunen innkjøpsavtale for reiser for tilsette og politikarar?

Utvaksmedlem Wilhelm Andersen stilte spørsmål om kommunen har innkjøpsavtale som gjer at ein får rabatt på tenestereiser for tilsette og politikarar i Aukra kommune.

Kontrollutvalet sin konklusjon

Sekretær undersøker med administrasjonen om kommunen har ein slik avtale.

Presentasjon av heimesida til Kontrollutvalssekretariatet for Romsdal (utsett frå førre møte)

Kontrollutvalet si behandling

Sekretæren viste utvalet sida www.kontrollutvalgromsdal.no. På sida finn ein informasjon om kontrollutvala som er knytt til sekretariatet (9 utval). Det blir lagt ut møtedokument, protokollar, forvaltningsrevisjonsrapportar og planar og andre vesentleg dokument for kontrollutvalet. Det er sendt informasjon til kommunane om sida, med oppmoding om å linke til sida frå kommunen si heimeside. Det har Aukra kommune gjort, men det er litt vanskeleg å finne informasjonen.

Nestleiar tok opp spørsmålet om synleggjering av kontrollutvalet på kommune si eiga side, og stilte spørsmål om kvifor kontrollutvalet ikkje er synleg på den politiske møteplanen til kommunen.

Kontrollutvalet sin konklusjon

Kontrollutvalet ønskjer at utvalet skal være meir synleg på kommunen si heimeside. Sekretær vert oppmoda til å undersøke om det er mogeleg å legge inn informasjon om utvalet i møteplanen til kommunen.

Utarbeiding av strategi for kontrollutvalet sitt arbeid

Utvalet sin nestleiar tok opp ønskje om at det vert utarbeidd ein strategi for kontrollutvalet i Aukra sitt arbeid

Kontrollutvalet si behandling

Utvalet var samde i at dette var ønskjeleg og diskuterte når det kunne vere naturleg å arbeide med dette.

Kontrollutvalet sin konklusjon

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt ei sak om kontrollutvalet i Aukra sin strategi for utvalet sitt arbeid til i kontrollutvalet sitt siste møte 2017. Når utvalet har fått diskutert strategien, så ser utvalet det som naturleg at ordførar, på vegne av kommunestyret, vert invitert inn for å kunne kome med innspel.

Oddvar Hoksnes
leiar

Ole Rakvåg
nestleiar

Oddbjørg Sporsheim

Håkon Inge Sporsheim

Wilhelm Andersen

Jane Anita Aspen
sekretær



Saksframlegg

| Utvallssaksnr | Utval | Møtedato |
|---------------|-----------------|-----------|
| PS 17/17 | Kontrollutvalet | 14.6.2017 |

REFERAT OG ORIENTERINGAR

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Bakgrunn for saka

Referatsaker:

- RS 09/17 **Rekneskap og årsrapport 2016** – utskrift av protokoll frå kommunestyret sitt møte 23.5.2017 i k-sak 45/17 (vedlagt)
- RS 10/17 **Utdrag frå protokoll frå kommunestyremøte 23.5.2017** – Sak 44/17 Presentasjon av resultat frå medarbeidarundersøkinga 10-faktor 2017, Orientering frå utbyggingsavdelinga Prosjekt 309200 Aukra Omsorgssenter, Prosjekt 313000 Julsundet omsorgsbuse og Prosjekt 669001 Omsorgsbustader i Julsundet (vedlagt)

Orienteringssaker:

- OS 16/17 **Korleis fungere Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Aukra kommune**
Utvalet har invitert leiar og sekretær for Arbeidsmiljøutvalet (AMU) for å informere kontrollutvalet om korleis dei ser på bruk av AMU. Utvalet ønskjer også svar på kvifor det ikkje var avvikla møter i AMU i 2016.
- Tilbakemelding frå Aukra kommune ved personalsjef Rannveig H. Sporsheim, sendt 6.6.2017** - Kort orientering om Arbeidsmiljøutvalet i Aukra kommune, samt sak 3/17 Om arbeidet i AMU-saker til behandling, Rutinar for revidering av lokale handlingsplanar for IA-arbeidet og rapportering til AMU og sak 4/17 AMU- faststting av møter og val av medlemmar (vedlagt)

Jane Anita Aspen
daglig leder

PS 45/17 Rekneskap og årsrapport 2016

Rådmannen si tilråding:

1. Aukra kommune sin årsrapport for 2016, inklusiv årsrekneskapen blir godkjent.
2. Driftsrekneskapet blir avslutta med eit mindreforbruk på kr. 11.918.464,52.
3. Mindreforbruket på kr. 11.918.464,52 avsett til disposisjonsfond.
4. Investeringsrekneskapet blir samla avslutta utan udisponerte eller udekka beløp.

Saksprotokoll i Formannskapet - 15.05.2017

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

Innstilling frå formannskapet:

Som tilrådinga frå rådmannen

Saksprotokoll i Kommunestyret - 23.05.2017

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

1. Aukra kommune sin årsrapport for 2016, inklusiv årsrekneskapen blir godkjent.
2. Driftsrekneskapet blir avslutta med eit mindreforbruk på kr. 11.918.464,52.
3. Mindreforbruket på kr. 11.918.464,52 avsett til disposisjonsfond.
4. Investeringsrekneskapet blir samla avslutta utan udisponerte eller udekka beløp.

UTDRAG FRÅ PROTOKOLL FRÅ KOMMUNESTYREMØTE 23. MAI 2017

I Formannskapssak 44/17: Presentasjon av resultat frå medarbeidarundersøkinga 10-faktor 2017, vart det gjort følgjande vedtak:

1. Saka blir sendt tilbake til administrasjonen. Formannskapet ber om ei ny og meir grundig saksutgreiing der mellom anna målet med undersøkinga kjem klart fram. Vidare at positive funn med undersøkinga og funn som seier kva vi skal jobbe vidare med må kome tydeleg fram.

Saka vert lagt fram på avdelings- og einingsnivå, og at administrasjonsutvalet får same informasjon som rådmannsteamet har fått.

2. Formannskapet ber også om at det må gjennomførast ein arbeidsmiljøundersøking ved Aukraheimen. Denne må gjennomførast så snart som råd og innan august 2017.

Orientering frå utbyggingsavdelinga

Prosjekt 309200 Aukra Omsorgssenter

Tett bygg del A er planlagt til 3.juli, og tett bygg del B er planlagt til 13.september. (Del B rett over for brannstasjonen)

Prosjektering pågår fortsatt. Vi har en del detaljer rundt ventilasjon og kjøling som ennå er uavklart.

En del tekniske justeringer som vi ikke kunne forutse har gitt oss tilleggskostnader, og vi har valgt noen forbedringer på belysning og overflater som har gitt tillegg.

Videre er dørmiljø og adgangskontroll et stort, komplisert tema fordi det henger sammen med velferdsteknologiprojektet i regi av pleie- og omsorg. Her vil det også komme et tillegg da 50 smartdører opprinnelig var priset, og vi ser at det vil bli et større tall.

Prosjektet har et stort fokus på økonomi. Så langt vi ser pr. i dag er prognosen likevel på ca. 2-3 % over budsjett.

Vi har startet å se på interiørkonseptet, og en kunstkomite har engasjert kunstnere for utsmykking av bygget.

Detaljert utomhusplan kom forrige uke med benevning på alle trær og planter, og med detaljerte tegninger av utendørs installasjoner som pergola, dyrkingsbenker og hønehus.

Prosjekt 313000 Julsundet omsorgsbaser- Prosjekt 669001 Omsorgsbustader i Julsundet

Christie Opsahl er no valt som entreprenør. Klagefristen er 18/5-17 og kontraktsmøte med Christie er avtalt til 22. mai 2017.

Julsundet omsorgsbaser hadde eit løyve på 1,5 millionar i 2016 og 3 millionar i 2017. Ved utarbeiding av budsjett for 2017 vart prosjektet ved ein feil redusert med kr. 500.000 til 2,5 millionar. Dette vil det bli fremja korrigerings på i 1.tertial.

Kommunestyret vedtok i mai 2015 at det skulle byggast fire bustadane i tilknytning til omsorgsbasen på Mevold. Etter at tomt vart kjøpt inn i 2016 (1,5 millionar), vart det frå utbyggingsavdelinga i september 2016 fremja eit budsjett på 9 millionar til byggeprosjektet i 2017 eksklusiv tomtkostnadene. Det var vedtatt 6 millionar.

Difor: Slik budsjetter ligg no, manglar det finansiering av om lag 2 millionar.

I kontraktsmøtet med Christie 22. mai 2017 vil vi gjere merksam på at kontrakt ikkje vert signert før etter kommunestyremøtet 23. mai.


Aspen, Jane Anita

Fra: Sporsheim, Rannveig Høggaug
Sendt: 6. juni 2017 11:07
Til: Aspen, Jane Anita
Emne: Kontrollutvalget - Orientering om arbeidsmiljøutvalet i Aukra kommune
Vedlegg: Om arbeidet i AMU saker til behandling.pdf; Rutinar for revidering av lokale handlingsplanar for IA arbeidet og rapportering til AMU.pdf; AMU fastsetting av møter og val av medlemar.pdf; 95095.DOCX

Hei
Etter avtale sender eg ei kort orientering om forbettringsarbeidet og legg ved sakene som er tatt opp i AMU.

RANNVEIG H. SPORSHEIM *Org. og personalsjef*

Telefon direkte 71 17 15 13
Mobil 952 68 065
Telefon sentralbord 71 17 15 00
Postadresse Aukraringen 25, 6480 Aukra
www.aukra.kommune.no



| | |
|---|-------------------|
| Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal | |
| Kommunenr: 1547 | |
| Dato: - 6 JUN 2017 | |
| Saks og Arkivnr: 1547 | Løpenr: 204/17 |
| Arkivkode: 033 | Gradering: |

Orientering om arbeidsmiljøutvalet i Aukra kommune

Viser til tilbakemelding frå Kontrollutvalet om at det ikkje har vore halde AMU-møter i 2016.

Årsak:

- Det var ikkje sett av faste møtedatoar og oppsette møter vart avlyst fordi vi ikkje fann tidspunkt som passa medlemmane.
- Einingane, tillitsvalde og verneombod leverer ikkje saker eller kjem med forslag til saker som bør takast opp i AMU.

Endringar frå 2017:

Vi har som mål å ha 4 møter kvart år og tok difor tak i dette i starten av 2017, jfr sak 3, 4 og 5 i AMU-møte 22.2.2017.

Følgande er bestemt:

- Fastsette tidspunkt for 4 årlege AMU-møter
- Nyval til AMU skjer annakvart år og første gongen haust 2017
- Arbeidet i AMU og saker til behandling i AMU blir løfta opp i leiarmøte
- Innført rutinar for revidering av lokale handlingsplanar for IA-arbeidet og rapportering til AMU
- vil og gjelde andre saker

Viser til vedlegg:

Sak 3/17: Om arbeidet i AMU - saker til behandling

Vedtak:

AMU ber om at arbeidet i AMU og saker til behandling i AMU blir løfta opp i leiarmøte.

Det er bestemt at org.avdelinga opprettar saker når vi mottar rapportar frå bedriftshelsetenesta på arbeidshelse, inneklima eller arbeidsplassar. Det same gjer vi med IA-handlingsplan. Da set vi av plass i saka til at einingsleiarane kan skrive inn ei vurdering av rapporten og kva tiltak dei vil sette i verk.

I tillegg må AMU få lagt fram saker om nybygg, ombygging, omstilling mm. Dette vert ikkje lagt fram i dag.

Sak 4: AMU – fastsetting av møter og val av medlemmar

Vedtak:


AMU sine medlemmar er utpeika/vald for minst 2 år om gongen. AMU skal ha ca 4 møter årleg. Arbeidstakersida skal gjennomføre val til minst 2 nye vara no. Nyval til AMU skjer annakvart år og første gongen hausten 2017.

For 2017 er det sett av dato for AMU-møta slik at dei passar med ev vidarebehandling i adm.utvalet m.fl.

Sak 5: Rutinar for revidering av lokale handlingsplanar for IA arbeid og rapportering til AMU

Vedtak:

AMU ber om at saka vert sendt som referatsak til kommunestyret. Første kulepunkt i Rutinar for revidering av lokale handlingsplanar for IA-arbeidet og rapportering til AMU vert: «Organisasjonsavdelinga føl opp at einingane legg ut reviderte lokale IA-planar på Compilo innan utgangen av januar». AMU godkjenner rutinar for revidering og oppfølging av lokale IA-handlingsplanar og ber om at dei vert formidla til einingane.

| | | |
|---|----------------------|--------------------------------|
|  | Aukra kommune | Arkivsak: 2017/209-1 |
| | | Arkiv: X55 |
| | | Saksbeh: Rannveig H. Sporsheim |
| | | Dato: 17.02.2017 |

Saksframlegg

| | | |
|---------------------|---------------------|------------------|
| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
| 3/17 | Arbeidsmiljøutvalet | 22.02.2017 |

Om arbeidet i AMU - saker til behandling

Rådmannen si tilråding:

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 22.02.2017

Behandling

Rådmannen ønsker å løfte saken opp i leiarmøte.

Samrøystes vedtak

Vedtak

AMU ber om at arbeidet i AMU og saker til behandling i AMU blir løfta opp i leiarmøte.

Særutskrift: Molde bedriftshelsetjeneste, Verftsgt 10, 6416 Molde

Bakgrunn:

I arbeidsmiljøloven er det opplista kva oppgåver som ligg til utvalet:

«§ 7-2. *Arbeidsmiljøutvalgets oppgaver*

(1) Arbeidsmiljøutvalget skal virke for gjennomføring av et fullt forsvarlig arbeidsmiljø i virksomheten. Utvalget skal delta i planleggingen av verne- og miljøarbeidet, og nøye følge utviklingen i spørsmål som angår arbeidstakernes sikkerhet, helse og velferd.

(2) Arbeidsmiljøutvalget skal behandle:

- a) spørsmål som angår bedriftshelsetjeneste og den interne vernetjeneste,
- b) spørsmål om opplæring, instruksjon og opplysningsvirksomhet i virksomheten, som har betydning for arbeidsmiljøet,
- c) planer som krever Arbeidstilsynets samtykke i henhold til § 18-9,
- d) andre planer som kan få vesentlig betydning for arbeidsmiljøet, så som planer om byggearbeider, innkjøp av maskiner, rasjonalisering, arbeidsprosesser, og forebyggende

- vernetiltak,
- e) etablering og vedlikehold av virksomhetens systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid, jf. § 3-1,
- f) helse- og velferdsmessige spørsmål knyttet til arbeidstidsordninger.
- (3) Utvalget kan også behandle spørsmål om arbeidstakere med redusert arbeidsevne, jf. § 4-6.
- (4) Utvalget skal gjennomgå alle rapporter om yrkessykdommer, arbeidsulykker og tilløp til ulykker, søke å finne årsaken til ulykken eller sykdommen, og se til at arbeidsgiveren treffer tiltak for å hindre gjentakelse. Utvalget skal i alminnelighet ha adgang til Arbeidstilsynets og politiets etterforskningsdokumenter. Når utvalget finner det nødvendig, kan det vedta at undersøkelser skal foretas av sakkyndige eller granskingskommisjon som utvalget oppnevner. Arbeidsgiveren kan uten ugrunnet opphold forelegge vedtaket for Arbeidstilsynet til avgjørelse. Utvalget skal gjennomgå alle rapporter om yrkeshygieniske undersøkelser og måleresultater. Før utvalget behandler rapporter som nevnt i dette ledd, skal medisinske opplysninger av personlig karakter tas ut av rapportene, med mindre den opplysningen gjelder, samtykker i at de legges fram for utvalget.
- (5) Hvis arbeidsmiljøutvalget finner det påkrevet for å verne arbeidstakernes liv eller helse, kan utvalget vedta at arbeidsgiveren skal gjennomføre konkrete tiltak til utbedring av arbeidsmiljøet, innenfor rammen av bestemmelsene gitt i eller i medhold av denne lov. For å klarlegge om det foreligger helsefare, kan utvalget også vedta at arbeidsgiveren skal utføre målinger eller undersøkelser av arbeidsmiljøet. Utvalget skal sette en tidsfrist for gjennomføringen av vedtaket. Hvis arbeidsgiveren ikke finner å kunne gjennomføre utvalgets vedtak, skal spørsmålet uten ugrunnet opphold forelegges for Arbeidstilsynet til avgjørelse.
- (6) Arbeidsmiljøutvalget skal hvert år avgi rapport om sin virksomhet til virksomhetens styrende organer og arbeidstakernes organisasjoner. Direktoratet for arbeidstilsynet kan gi nærmere regler om årsrapportens innhold og utforming.»

«§ 7-3.Særskilte lokale arbeidsmiljøutvalg

- (1) Innenfor bygge- og anleggsvirksomhet, ved laste- og lossearbeid og ellers når særlige forhold gjør det nødvendig, kan departementet gi forskrift om at det skal være særskilte lokale arbeidsmiljøutvalg. Slike utvalg kan få oppgaver, plikter og rettigheter som nevnt i §§ 7-1 og 7-3 overfor alle arbeidsgivere på arbeidsplassen.»

Utgreiing:

Til drøfting:

- I 2016 var det ingen saker i AMU. AMU er eit viktig organ og det er nødvendig å vitalisere dette arbeidet i tråd med arbeidsmiljøloven og rettane den enkelte tilsette har til eit godt fungerande arbeidsmiljø. Korleis vil AMU at saker skal bli presentert og behandla?
- Det er nesten berre personal som legg fram saker. Det er kanskje årsaka til at få saker går til AMU. Korleis skal vi fylle krava i arbeidsmiljøloven om å behandle dei oppgåvene som er lista opp i § 7-2? Det er sjeldan at planlagte og gjennomførte tiltak kjem til AMU. Ønsker de at ev tiltak blir presentert når rapportar og handlingsplanar vert lagt fram? Bør leiarane som eig rapportar og planar legge fram ei orientering om kva tiltak som vert sett i verk? Kva med byggeplanar og omstillingar, skadar og yrkesulykker?
- Det er oppretta eit lokalt AMU ved Gossen barne- og ungdomsskole. Andre har og ytra ønske om ei slik løysing. Korleis ser AMU på dette og skal det bli fulgt opp av sentralt AMU?

Saka vert lagt fram til drøfting.

Administrative konsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim
Personalsjef

Rett utskrift

Anita Raknes Otterlei
Formannskapssekr.

Rutinar for revidering av lokale handlingsplanar for IA-arbeidet og rapportering til AMU

Heimel:

Arbeidsmiljøutvalet kan kreve tilbakemeldingar og rapportering på arbeidsmiljøarbeidet frå einingane. AMU har eit ansvar ved å sikre at kommunen har eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. AMU behandlar disse på eit fast møte i mars kor berre arbeidsmiljøarbeid står på agendaen. (Jf. Aml § 7-2 e)

Ansvar for oppfølging:

- Organisasjonsavdelinga føl opp at einingane legg ut reviderte lokale IA- planar på Compilo innan utgangen av januar. Det vert sendt ut påminning om dette ikkje blir gjort.
- Einingsleiar har ansvar for å legge inn i årshjulet at lokal handlingsplan skal vere revidert innan utgangen av november.


Korleis einingane skal rapportere på IA arbeidet:

1. Organisasjonsavdelinga opprettar sak om rapportering på førre års lokale handlingsplanar
2. Einings og stab/støtte leiarane legg inn sine kortfatta rapportar i saka.
3. Årsmelding bør innehalde korleis einingane arbeider med inkluderande arbeidsliv. Personalavdelinga sender ut påminning til einingane om IA-rapportering ca.3 veker før AMUmøtet.

Avvik

Dersom lokal handlingsplan ikkje er levert, har organisasjons avdelinga/AMU ansvar for å melde avvik til Rådmann.

Rutinar for oppfølging av IA arbeidet i Aukra kommune er vedtatt i Arbeidsmiljøutvalet den 22. 02. 2017

| | | |
|---|----------------------|--------------------------------|
|  | Aukra kommune | Arkivsak: 2017/209-2 |
| | | Arkiv: X55 |
| | | Saksbeh: Rannveig H. Sporsheim |
| | | Dato: 17.02.2017 |

Saksframlegg

| | | |
|--------------------|---------------------|------------------|
| Utv.saknr.: | Utval: | Møtedato: |
| 4/17 | Arbeidsmiljøutvalet | 22.02.2017 |

AMU – fastsetting av møter og val av medlemar

Rådmannen si tilråding:

AMU sine medlemar er utpeika/vald for minst 2 år om gongen. AMU skal ha ca 4 møter årleg. Arbeidstakarsida skal gjennomføre val til minst 2 nye vara no. Nyval til AMU skjer annakvart år og første gongen hausten 2017.

Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 22.02.2017

Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

Vedtak

AMU sine medlemar er utpeika/vald for minst 2 år om gongen. AMU skal ha ca 4 møter årleg. Arbeidstakarsida skal gjennomføre val til minst 2 nye vara no. Nyval til AMU skjer annakvart år og første gongen hausten 2017.

Særutskrift: : Molde bedriftshelsetjeneste, Verftsgt 10, 6416 Molde

Bakgrunn:

Det er behov for ei stabil medlemsgruppe i AMU og oppsett av faste møter på lik linje med andre utval. Dette vil ha ein positiv verknad på arbeidet i utvalet.

Utgreiing:

AMU består av 3 arbeidsgjevarrepresentantar og 3 arbeidstakarrepresentantar. Dette er i tråd med arbeidsmiljølovens krav om lik representasjon frå begge sider. Det har vore vanleg at arbeidstakarsida har bestått av verneombod, men det kan og vere tillitsvalde eller andre tilsette.

Medlemene i AMU skal sitte minst 2 år. Det betyr at dei ikkje skal gå ut av utvalet sjølv om dei ikkje lenger innehar verv i løpet av denne 2-årsperioden. Det er sjølsagt og positivt at medlemmar sit lenger enn 2 år og at ikkje alle går ut samtidig. For å få stabilitet i utvalet kan det vere greitt å gjere val samtidig med kommunestyrevalet og stortingsvalet.

Frå 2016 er det sett av faste tidspunkt for møta. Desse er ca 2 veker før møte i administrasjonsutval/formannskap. Da får ein til ei god og riktig rekkefølge i saksbehandling av saker som skal opp i fleire utval.

Pr i dag består AMU av:

| <u>Fast medlem:</u> | <u>Vara:</u> |
|--|-----------------|
| Ingrid Husøy Rimstad | Geir Göncz |
| Sissel Oliv Garseth | Hanna V Korsvik |
| Jorunn Hurlen | Roald Borthne |
| Geir Varhaugvik (fungerande hovudverneombod) | Ingen |
| Oddny Sporseem | Ingen |
| (Geir Varhaugvik) | Ingen |

Geir Varhaugvik var fast medlem i AMU og pga at han er fungerande hovudverneombod og tek den plassen i AMU, manglar vi eitt medlem på arbeidstakersida. Dersom han går tilbake som fast medlem og det kjem på plass ny hovudverneombod, manglar vi 2 vara.

I arbeidstilsynets nettside står følgande om utvalet:

«Arbeidsgiver utpeker sine representanter i utvalget. En representant fra øverste ledelse i virksomheten skal alltid være med i AMU.

Arbeidstakernes representanter velges normalt ved flertallsvalg. Hovedverneombudet skal være en av representantene for de ansatte. Alle ansatte, unntatt øverste ledelse, har stemmerett og er valgbare. Valget skal være skriftlig og hemmelig.

Der det finnes flere lokale fagforeninger som sammen organiserer et flertall av arbeidstakerne, kan de avtale at valget skal skje som forholdstallsvalg eller at fagforeningene kan utpeke de ansattes representanter. Medlemmene velges for to år av gangen.

Utvalgets leder velges for ett år. Leder velges blant medlemmer i AMU, og annen hver gang fra arbeidsgiver- og arbeidstakersiden. Dersom partene ikke blir enige om leder skal være fra arbeidsgiver- eller arbeidstakersiden det første året, skal dette avgjøres ved loddtrekning.»

Administrative konsekvensar: Ingen

Økonomiske konsekvensar: Ingen

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim
Personalsjef

Rett utskrift

Anita Raknes Otterlei
Formannskapssekr.



Saksframlegg

| Utvallssaksnr | Utval | Møtedato |
|---------------|-----------------|-----------|
| PS 18/17 | Kontrollutvalet | 14.6.2017 |

AUKRA KOMMUNE. ØKONOMIRAPPORT 1. TERTIAL

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek Aukra kommune sin økonomirapport for 1. tertial 2017 saman med administrasjonen si munnlege framstilling, til orientering.

Bakrunn for saka

Etter i lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 77 nr. 4 skal kontrollutvalet

”påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.”

Med heimel i lova har Kommunaldepartementet gitt Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar (kontrollutvalsforskrifta), kor kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon går fram av kapittel 4.

Med heimel i kommunelova § 46 nr. 8, har Kommunaldepartementet gitt **Forskrift 15.desember 2000 om årsbudsjett for kommuner.**

I § 10 i Forskrifta går det fram at administrasjonssjefen gjennom budsjettåret skal legge fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og utgifter i tråd med vedtatt årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen finn rimeleg grunn til å tru at det kan oppstå store avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportane til kommunestyret leggest fram forslag til naudsynte tiltak. Rapporteringa skal minimum skje to gonger pr. år jf. merknad til paragraf 10.

I § 11 går det fram at det skal gjerast endringar i årsbudsjettet når dette vert vurdert påkravd. Det er kommunestyret sjølv som skal vedta dei naudsynte endringar i årsbudsjettet.

I § 12 går det fram at oversiktene skal innehalde inntekter, utgifter, avsetningar og bruk av avsetningar og bygge på same grunnlag som vedtatt årsbudsjett.

I Aukra kommune sitt økonomireglement stå det at «Tertialrapporten skal vere ein avviksrapport som skal rapportere status for kvar eining. Kommunestyret kan vedta budsjettendring ved handsaming av tertialrapporten.»

Vedlagt saka følgjer:

- Økonomirapportering pr. 30.04.2017. Saksframlegg til formannskap og kommunestyre
- Budsjettkorrigeringar pr. 30.04.2017. Saksframlegg til formannskap og kommunestyre

Vurdering

Grunnlag for saka er rådmannen si sak «Økonomirapportering pr. 30.04.2017» og sak «Budsjettkorrigeringar pr. 30.4.17».

Ut frå ei samla vurdering av rammetilskot og kommunen sin skatteinngang ventar ikkje rådmannen ved årsskiftet vesentleg avvik.

Nye fastsette takstar gjev ei samla auke i forhold til budsjettert storleik på eigedomsskatt med kr 10 609 190.-. Endringane er teke inn i sak om budsjettkorrigeringar, der ein foreslår å endre årets budsjett.

Rapporterte prognosar for 2017 viser eit samla meirforbruk på 8,1 mill. kroner knytt til driftseiningane, som vert vurdert å ikkje kunne dekkast gjennom tiltak på den enkelte eining. Rådmannen har i sak om budsjettkorrigeringar foreslått å auke rammene til einingane som har meldt prognose for meirforbruk. Det er berre Julsundet skole som melder om mindreforbruk. Denne eininga får i budsjettkorrigeringssaka redusert si ramme. Når det gjeld avviket knytt til Tenester til heimebuande, så vil eininga vurdere utviklinga fram til 2.tertial. Knytt til denne eininga vert det ikkje gjort nok budsjettkorrigering i denne omgang. I rådmannen sin tertialrapport er avvika beskrive. Det er Barnevernet og Institusjonstenester som har meldt dei største avvika.


Når det gjeld investeringsrekneskapen, så er det ikkje venta avvik i forhold til framdrift og/økonomisk ramme, utover det som eventuelt er opplyst i kommentarar til dei enkelte prosjekta i tertialrapporten. Det vert i budsjettkorrigeringssaka foreslått frå rådmannen å korrigert ein feil som oppstod ved utarbeiding av budsjettet for 2017 for Julsundet omsorgsbuse. Det vert rådd til at prosjektet får auka ramme med kr 500 000.-.

Rammeaukene blir finansiert ved bruk av disposisjonsfond, statlege tilskot og bruk av auka eigedomsskatt. Resterande auke i eigedomsskatten kr 2 399 000.- blir foreslått avsett til disposisjonsfond.

Aukra kommune sin tertialrapport er ein rein økonomirapport knytt til avvik. For fleire av kommunane i vårt distrikt så inneheld tertialrapportane til kommunestyret, i tillegg til økonomirapportering, ei rapportering på sjukefråvær, oppfølging av politiske vedtak og finansrapport. Aukra kommune har finnansrapporten som ei eiga sak til kommunestyret. Når det gjelde sjukefråvær og oppfølging av politiske vedtak, så ser ikkje sekretariatet at dette vert rapportert til kommunestyret.

Sekretariatet er ikkje kjent med at det er feil ved framlagte tertialrapport.

Jane Anita Aspen
daglig leder

| | | |
|---|----------------------|--------------------------|
|  | Aukra kommune | Arkivsak: 2017/33-4 |
| | | Arkiv: 153 |
| | | Saksbeh: Erna Varhaugvik |
| | | Dato: 27.04.2017 |

Saksframlegg

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|--------------|---------------|------------|
| 59/17 | Formannskapet | 12.06.2017 |
| | Kommunestyret | |

Økonomirapportering pr. 30.04.2017

Rådmannen si tilråding:

Rapporten vert teke til vitande.

Særutskrift: Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal

Bakgrunn:

Kommunelova § 47 og forskrift om årsbudsjett § 10 har reglar for budsjettstyring.

I § 47 nr. 2 går det fram at dersom det skjer endringar i løpet av budsjettåret som kan få betydning for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygger på, skal administrasjonssjefen gje melding til kommunestyret.

I forskrifta sin § 10 går følgjande fram " Administrasjonssjefen skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret som viser utviklingen i inntekter og innbetalinger og utgifter og utbetalinger i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret foreslås nødvendige tiltak".

Aukra kommune sitt Økonomireglement er utarbeidd med grunnlag i desse reglane, og der står *følgjande " Tertialrapporten skal vere ein avviksrapport som skal rapportere status for kvar eining. Kommunestyret kan vedta budsjettendringar ved handsaming av tertialrapporten. Rådmannen legg fram forslag til budsjettendringar frå administrasjonen. Rapporten blir utarbeidd av administrasjonen og lagt fram til politisk handsaming."*

Utgreiing:

Denne saka rapporterer økonomistatus pr. 30. april 2017, og i tråd med lov og forskrift er det berre vesentlege avvik som blir meldt. Budsjettet er periodisert, det vil seie at det er fordelt ut over året i

samsvar med venta tidspunkt for når utgifter og inntekter blir bokført. Avvik i høve til periodisert budsjett treng difor ikkje å bety avvik ved årsslutt.

Frie disponible inntekter

Rammetilskot

Kommunen sitt rammetilskot pr. 30.04. er på kr. 39,1 mill. som er 1,5 mill. lågare enn budsjett. Inntektsutjamning til og med februar er då teke omsyn til med eit trekk på kr. 1,3 mill. Vidare er rammetilskotet noko redusert etter endringar i det endelege vedteke statsbudsjettet for 2017.

Rammetilskotet vart i budsjettet for 2017 fastsett til kr. 101,7 mill., etter at trekt inntektsutjamning på kr. 365.000,- er teke omsyn til. Inntektsutjamninga var fastsett ut frå ei forventning om at kommunen sin skatteinngang ville ligge noko under landsgjennomsnittet. Trekket er då fastsett lik venta del av finansieringa av tilleggskompensasjon til kommunar med særleg låg skatteinngang (under 90% av landsgjennomsnittet).

Pr. april er det i rammetilskotet teke omsyn til inntektsutjamning ut frå skatteinngangen til og med februar månad. Denne var då på 114,4% av landsgjennomsnittet. Kommunen sin skatteinngang pr. 30.04 har endra seg til 99,9 % av landet og det er no opplyst at vi får eit trekk på kr. 342.000,- i rammetilskotet. Dersom denne utviklinga held seg resten av året vil venta avvik i rammetilskotet bli uvesentleg.

Skatt på inntekt og formue

Skatteinngangen pr. 30.04. svarar til 98,17 % av budsjettert inntekt for perioda, og gjev ei redusert inntekt på kr. 0,6 mill. i forhold til budsjett.

I budsjett 2017 har vi lagt til grunn at kommunen vil få ein skatteinngang på omlag 97% av landsgjennomsnittet. Pr. april er skattenivået i forhold til landsgjennomsnittet på 99,9 %

Avviket er enno svært usikkert, og Rådmannen rår derfor til at ein følger utviklinga utover i året og vurderer om denne bør endrast på 2. tertial.

Ut frå ei samla vurdering av rammetilskot og kommunen sin skatteinngang ventar ein ved årsskiftet ikkje vesentlege avvik.

Eigedomsskatteinntekter

Taksering av grunnlag for eigedomsskatt pr. 1.1.2017 er ferdig. Nye fastsette takstar gjev ei samla auke i forhold til budsjettert storleik på eigedomsskatt med kr. 10.609.190,-. Dette kan være noko usikkert, då klagefrist enno ikkje er omme. Endringa vil bli teke inn i sak om budsjettkorrigeringar, der ein foreslår å endre dette i årets budsjett.

Finans-inntekter og utgifter

Rente- og avdragsutgifter

Venter ikkje vesentlege avvik på årsslutt.

DRIFTSBUDSJETT 2017 - budsjettskjema 1A og B

| | Rekneskap pr 30.04.2017 | Per. Budsj. 2017 pr 30.04.2017 | Budsjett m/ endring 2017 | Oppr. Budsjett 2017 | Rekneskap 2016 |
|--|----------------------------|--------------------------------------|--------------------------------|---------------------------|-------------------|
| Tala er i heile 1000 kroner | | | | | |
| Skatt på inntekt og formue | -31 054 | -31 630 | -100 412 | -100 412 | -97 278 |
| Ordinært rammetilskot | -39 147 | -40 689 | -101 723 | -101 723 | -101 283 |
| Skatt på eigedom | -113 858 | -113 500 | -227 000 | -227 000 | -217 840 |
| Andre direkte eller indirekte skatter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre gen. statlege tilskot | -1 131 | 0 | 0 | 0 | -715 |
| Sum frie disponible inntekter | -185 191 | -185 819 | -429 135 | -429 135 | -417 115 |
| Renteinntekter og utbytte | -1 150 | -1 000 | -4 294 | -4 294 | -5 089 |
| Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 0 | -400 | -1 200 | -1 200 | -1 406 |
| Renteutg., provisj. og andre finansutgifter | 1 846 | 1 830 | 8 047 | 8 047 | 5 929 |
| Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 4 920 | 3 833 | 31 984 | 31 984 | 23 954 |
| Netto finansinntekter / - utgifter | 5 616 | 4 263 | 34 537 | 34 537 | 23 388 |
| Til dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Til ubundne avsetningar | 0 | | 132 178 | 132 178 | 149 661 |
| Til bundne avsetningar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av tidligare års regn.m. mindreforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | -14 795 |
| Bruk av ubundne avsetningar | 0 | 0 | 0 | 0 | -2 892 |
| Bruk av bundne avsetningar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto avsetningar | 0 | 0 | 132 178 | 132 178 | 131 974 |
| Overført til investeringsreknesk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Til fordeling drift | -179 574 | -181 556 | -262 421 | -262 421 | -261 753 |
| 10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga | 7 474 | 6 021 | 18 365 | 18 365 | 19 139 |
| 10.3 Økonomiavdelinga | 1 913 | 2 055 | 5 499 | 5 499 | 4 698 |
| 10.4 Organisasjonsavdelinga | 1 370 | 1 544 | 4 055 | 4 055 | 4 409 |
| 10.7 Barnevern | 1 593 | 1 179 | 4 038 | 4 038 | 4 963 |
| 10.8 Pedagogisk rådgjevar | 1 740 | 1 959 | 7 186 | 7 186 | 6 680 |
| 10.9 Næring, revisjon, kyrkje | 1 223 | 1 157 | 26 453 | 26 453 | 24 299 |
| 20 Gossen barne og ungdomsskole | 12 302 | 12 244 | 33 211 | 33 211 | 32 742 |
| 21 Julsundet skole | 7 442 | 7 755 | 15 886 | 15 886 | 14 034 |
| 22 Barnebo barnehage | 5 579 | 5 536 | 16 074 | 16 074 | 16 204 |
| 23 Bergetippen barnehage | 3 512 | 3 788 | 10 993 | 10 993 | 10 489 |
| 24 Eining for innvandring og integrering | 2 793 | 2 553 | 0 | 0 | 0 |
| 25 Oppvekst og Kultur | 2 983 | 2 783 | 9 667 | 9 667 | 9 302 |
| 30 Institusjon og buteneste | 19 237 | 18 201 | 43 957 | 43 957 | 46 634 |
| 32 Tenester til heimebuande | 9 827 | 8 943 | 27 369 | 27 369 | 25 625 |
| 40 Helse | 4 041 | 3 294 | 10 479 | 10 479 | 11 194 |
| 50 NAV | 1 676 | 1 316 | 3 360 | 3 360 | 3 531 |
| 60 Plan, utvikling og samfunn | 1 641 | 1 359 | 3 587 | 3 587 | 3 960 |
| 62/65 Teknikk, eigedom og brann | 7 637 | 7 038 | 21 772 | 21 772 | 24 224 |
| 89 Motpost kalk. renter og avskr. | | | -5 262 | -5 262 | -4 877 |
| 90 Andre tilskot/refusj.og pensjon | 12 | | 5 730 | 5 730 | -7 416 |
| Buffer - lønnsvekst | | | | | |
| Korr. av føringar både i skjema 1A og 1B | | | | | |
| Sum fordelt til drift | 93 994 | 88 726 | 262 421 | 262 421 | 249 834 |
| Meirforbruk (+)/mindreforbr. (-) | -85 581 | -92 830 | 0 | 0 | -11 918 |

Drift

| Driftseining/avd (tala er i heile 1000 kroner) | Rekneskap pr 30.04.2017 | Per. Budsj. 2017 pr | Avvik pr 30.04.2017 | Budsjett inkl. endring | Prognose | Endret prognose | Ny prognose |
|--|-------------------------|---------------------|---------------------|------------------------|----------|-----------------|-------------|
| 10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga | 7 474 | 6 021 | 1 454 | 18 365 | 18 365 | 231 | 18 596 |
| 10.3 Økonomiavdelinga | 1 913 | 2 055 | -142 | 5 499 | 5 499 | 0 | 5 499 |
| 10.4 Organisasjonsavdelinga | 1 370 | 1 544 | -174 | 4 055 | 4 055 | 0 | 4 055 |
| 10.7 Barnevern | 1 593 | 1 179 | 414 | 4 038 | 4 038 | 3 742 | 7 780 |
| Netto finansinntekter / - utgifter | 5 616 | 4 263 | 34 537 | 34 537 | 30 741 | 23 388 |
| Til dekning av tidlegare års | | | | | | |
| rekneskapsmessige meirforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Til ubundne avsetningar | 0 | 0 | 134 577 | 132 178 | 149 661 | 149 661 |
| Til bundne avsetningar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av tidligare års regn.m. mindreforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | -14 795 | -14 795 |
| Bruk av ubundne avsetningar | 0 | 0 | -550 | 0 | -2 892 | -2 892 |
| Bruk av bundne avsetningar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Netto avsetningar | 0 | 0 | 134 027 | 132 178 | 131 974 | 131 974 |
| Overført til investeringsreknesk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Til fordeling drift | -179 574 | -181 556 | -271 181 | -262 421 | -251 406 | -261 753 |
| 10.1 Rådmannen, politisk og serviceavdelinga | 7 474 | 6 021 | 19 419 | 18 365 | 18 534 | 19 139 |
| 10.3 Økonomiavdelinga | 1 913 | 2 055 | 5 546 | 5 499 | 4 685 | 4 698 |
| 10.4 Organisasjonsavdelinga | 1 370 | 1 544 | 3 608 | 4 055 | 4 305 | 4 409 |
| 10.7 Barnevern | 1 593 | 1 179 | 7 780 | 4 038 | 4 038 | 4 963 |
| 10.8 Pedagogisk rådgjevar | 1 740 | 1 959 | 7 199 | 7 186 | 7 573 | 6 680 |
| 10.9 Næring, revisjon, kyrkje | 1 223 | 1 157 | 27 085 | 26 453 | 24 568 | 24 299 |
| 20 Gossen barne og ungdomsskole | 12 302 | 12 244 | 33 251 | 33 211 | 33 632 | 32 742 |
| 21 Julsundet skole | 7 442 | 7 755 | 15 371 | 15 886 | 14 795 | 14 034 |
| 22 Barnebo barnehage | 5 579 | 5 536 | 16 303 | 16 074 | 16 687 | 16 204 |
| 23 Bergetippen barnehage | 3 512 | 3 788 | 11 033 | 10 993 | 10 168 | 10 489 |
| 24 Eining for innvandring og integrering | 2 793 | 2 553 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 25 Oppvekst og Kultur | 2 983 | 2 783 | 9 853 | 9 667 | 9 304 | 9 302 |
| 30 Institusjon og buteneste | 19 237 | 18 201 | 47 278 | 43 957 | 45 355 | 46 634 |
| 32 Tenester til heimebuande | 9 827 | 8 943 | 27 422 | 27 369 | 26 189 | 25 625 |
| 40 Helse | 4 041 | 3 294 | 11 681 | 10 479 | 10 610 | 11 194 |
| 50 NAV | 1 676 | 1 316 | 3 360 | 3 360 | 3 461 | 3 531 |
| 60 Plan, utvikling og samfunn | 1 641 | 1 359 | 3 751 | 3 587 | 3 709 | 3 960 |
| 62/65 Teknikk, eigedom og brann | 7 637 | 7 038 | 21 840 | 21 772 | 22 213 | 24 224 |
| | | | | | | |
| 89 Motpost kalk. Renter og avskr. | | | -5 262 | -5 262 | -4 900 | -4 877 |
| 90 Andre tilskot/refusj.og pensjon | 12 | | | | -3 518 | -7 416 |
| Buffer - lønnsvekst | | | 4 661 | 5 730 | | |
| Korr. av føringar både i skjema 1A og 1B | | | | | | |
| Sum fordelt til drift | 93 994 | 88 726 | 271 181 | 262 421 | 251 408 | 249 834 |
| Meirforbruk (+)/mindreforbr. (-) | -85 581 | -92 830 | 0 | 0 | 2 | -11 918 |

INVESTERINGAR

69 Utbyggingsavdelinga

Julsundet omsorgsbaser hadde eit løyve på 1,5 millionar i 2016 og 3 millionar i 2017. Ved utarbeiding av budsjett for 2017 vart prosjektet ved ein feil redusert med kr. 500.000 til 2,5 millionar. Ber om at dette blir korrigerd på i 1.tertial.

Rådmannen rår til at prosjektet får ei auka ramme, med kr. 500.000,-.

| Tiltak nr. | Store tiltak (i 1000 kr) | Rekneskap pr 30.04.2017 | Opprinneleg budsjett 2017 | Budsjett m/ endringar 2017 | Tilrådde endra løyver | Budsjett | Vedteken kostnads- ramme |
|---------------|---|----------------------------|------------------------------|----------------------------------|--------------------------|---|--------------------------------|
| | | | | | | etter korr. av tilrådde endringar | |
| 201000 | Riksfjord skole - utgreiing og hovudutbygging | 51 | | 107 | | 107 | |
| 210200 | Julsundet skole og fleirbrukshus | 17 209 | 57 000 | 57 000 | | 57 000 | 126 000 |
| 257000 | Kulturhus og basseng | 159 | 700 | 1 111 | | 1 111 | |
| 303201 | Tilrettelagt bustad Bergtun | 47 | 1 600 | 1 680 | | 1 680 | |
| 309200 | Aukra omsorgssenter | 24 601 | 130 000 | 130 000 | | 130 000 | 252 500 |
| 313000 | Omsorgsbaser i Julsundet | 72 | 2 500 | 2 500 | 500 | 3 000 | |
| 616101 | Torhaugmyra Aust | 382 | 15 000 | 19 773 | | 19 773 | 15 500 |
| 620100 | Energisentral, trinn 2 | 7 117 | | 9 832 | | 9 832 | 15 200 |
| 625001 | Tiltak i kommunehuset | - | 300 | 300 | | 300 | |
| 645201 | Sentrumsområde Julsundet avkøyring | - | - | 478 | | 478 | |
| 645206 | Utbygging Falkhytten sentrum vest | 23 | 600 | 600 | | 600 | |
| 645207 | Utbygging Falkhytten Bergtun Aust | 15 | 3 500 | 3 500 | | 3 500 | |
| 648117 | Hovudvassleidning Flatvoll-Hukkelberg | 29 | 3 300 | 3 300 | | 3 300 | |
| 669001 | Urtelegebustader i Julsundet | 124 | 6 000 | 7 487 | | 7 487 | |
| TOTALT | | 49 830 | 220 500 | 237 668 | 500 | 238 168 | |

| Tiltak nr. | Små tiltak (i 1000 kr) | Rekneskap pr 30.04.2017 | Opprinneleg budsjett 2017 | Budsjett m/ endringar 2017 | Tilrådde endra løyver | Budsjett | Vedteken kostnads- ramme |
|---------------|--|----------------------------|------------------------------|----------------------------------|--------------------------|---|--------------------------------|
| | | | | | | etter korr. av tilrådde endringar | |
| 101001 | Oppgradering TRIO telefonsentral | 31 | | 255 | | 255 | |
| 104002 | Investeringar i RORikt | 862 | 895 | 895 | | 895 | |
| 210300 | Utviding av parkering | - | | 49 | | 49 | |
| 220019 | Uteområde Furutun | - | | 100 | | 100 | |
| 250101 | Bevaring og formidling av krigens kulturminner | - | 170 | 170 | | 170 | |
| 255000 | Kommunal eigenandel spelemidler | - | 300 | 300 | | 300 | |
| 293000 | Turstiar - Helseløype | - | | 835 | | 835 | |
| 300014 | Innkjøp velferdsteknologi | - | 750 | 750 | | 750 | |
| 302001 | Utskifting av utslitt utstyr | - | 220 | 220 | | 220 | |
| 320000 | Bilar heimetenesta | 399 | 400 | 400 | | 400 | |
| 320001 | IKT velferdsteknologi heimetenesta | - | 900 | 900 | | 900 | |
| 320003 | Utstyr til avdeling heildøgns omsorg | 23 | 265 | 265 | | 265 | |
| 320004 | Tryggleiksalarmar | - | 500 | 500 | | 500 | |
| 601100 | Breiband | - | | 308 | | 308 | |
| 620013 | Utbetring av grøfter | - | 600 | 600 | | 600 | |
| 622000 | Trolldalsvatn etappe 2 | 44 | | - | | - | |
| 624005 | Renovering omsorgsbustad | - | 500 | 500 | | 500 | |
| 625002 | Ventilasjonsanlegg kommunehuset | - | 223 | 223 | | 223 | |
| 625010 | Kyststi | 484 | | - | | - | |
| 627108 | Traktor | 966 | | 1 025 | | 1 025 | |
| 645501 | Opparbeiding industriområde Nyland Aust | 3 | | 176 | | 176 | |
| 648000 | Distribusjon vann - nødvendig nyanlegg | 51 | 760 | 760 | | 760 | |
| 648116 | Utbygging Reguleringsplan Rindarøya | - | - | - | | - | |
| 648500 | Avløp generelle investeringar | - | 500 | 500 | | 500 | |
| 651001 | Vassleidning Hollingsholm - Julsundet sentrum (til Hollinge) | 2 128 | - | 1 754 | | 1 754 | |
| 669000 | Administrasjon utbyggingsavdeling | 199 | | - | | - | |
| 669004 | Utbetring av veggskade på Furutun | 13 | | 1 700 | | 1 700 | |
| 669009 | Leiligheter Nautnesvegen 96 | 26 | | 570 | | 570 | |
| 683015 | Veglysk gml. kommunehus til sentrum | - | 810 | 810 | | 810 | |
| 683016 | Veglysk Buktavegen | 10 | 2 000 | 2 000 | | 2 000 | |
| 683017 | Veglysk Hjertvikvegen til Hjertvikberget bustadfelt | 10 | 600 | 600 | | 600 | |
| 684000 | Busslommer og buss-skur | - | 700 | 700 | | 700 | |
| TOTALT | | 5 249 | 11 093 | 17 865 | - | 17 865 | - |

INVESTERING 2017 – BUDSJETTSKJEMA 2A OG 2B

| Tala er i heile 1000 kr | Rekneskap | Budsjett (korr) | Budsjett (oppr) | Budsjett (korr) | Rekneskap |
|-------------------------------------|---------------|--------------------|--------------------|--------------------|---------------|
| Investeringar i anleggsmidlar | 30.04.2017 | 2017 | 2017 | 2016 | 2016 |
| 10 Sentrale styringsorgan | 893 | 1 150 | 895 | 1 595 | 1 315 |
| 20 Gossen barne- og ungdomsskole | 51 | 107 | - | 657 | 550 |
| 21 Julsundet skole | 17 209 | 57 549 | 57 000 | 14 589 | 16 116 |
| 22 Barnebo barnehage | 13 | 1 800 | - | 2 018 | 137 |
| 23 Bergetippen barnehage | | | | 63 | 0 |
| 25 Kultur | 643 | 2 416 | 1 170 | 1 800 | 314 |
| 30 Institusjon og buteneste | 24 867 | 142 902 | 141 335 | 21 800 | 20 170 |
| 32 Tenester til heimebuande | 399 | 1 800 | 1 800 | 850 | 380 |
| 40 Helse | - | - | - | - | 0 |
| 50 NAV | - | - | - | - | 0 |
| 60 Plan, utvikling og samfunn | - | - | - | 470 | 568 |
| 62/65 Teknisk, eigedom og brann | 11 004 | 48 309 | 29 393 | 43 896 | 26 112 |
| Sum anleggsmidlar | 55 080 | 256 033 | 231 593 | 87 738 | 65 662 |
| Kjøp av aksjer og andeler | - | - | - | 710 | 924 |
| Utlån og forskotteringar | - | - | - | 1 000 | 1 740 |
| Avdrag på lån | 1 055 | - | - | 535 | 2 487 |
| Avsetningar | - | - | - | - | 662 |
| Årets finansieringsbehov | 56 135 | 256 033 | 231 593 | 89 983 | 71 475 |
| Finansiert slik: | | | | | |
| Bruk av lånemidlar | | 113 475 | 101 000 | 70 297 | 59 265 |
| Inntekter frå sal av anleggsmidlar | 415 | 265 | - | 315 | -208 |
| Tilskot til investeringa | | 2 253 | 2 253 | - | - |
| Mva-kompensasjon | 10 037 | 50 307 | 46 179 | 16 857 | 8 752 |
| Mottekte avdrag på utlån og refusj. | | 535 | 535 | 1 435 | 1 417 |
| Andre inntekter | 492 | - | - | - | 616 |
| Sum ekstern finansiering | 10 944 | 166 835 | 149 967 | 88 904 | 69 842 |
| Overført frå drift | - | - | - | - | - |
| Bruk av avsetningar | - | 89 198 | 81 626 | 1 081 | 1 632 |
| Sum finansiering | 10 944 | 256 033 | 231 593 | 89 985 | 71 474 |
| Udekket/udisponert | 45 191 | - | - | - | - |

Administrative konsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Endringar etter lokale forhandlingar reduserer buffer til lønsvekst med kr. 1.069.000,- til kr. 4.661.000,-. Andre rammeauker blir finansiert med bruk av disposisjonsfond, statlege tilskot og bruk av auka eigedomsskatt. Resterande auke i eigedomsskatten kr. 2.399.000,- blir avsett til disposisjonsfondet. Auke i investeringsløyver med kr. 500.000,- reduserer kommunen sitt disposisjonsfond.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Erna Varhaugvik
Økonomisjef



Saksframlegg

| Utvallsaksnr | Utval | Møtedato |
|--------------|-----------------|-----------|
| PS 19/17 | Kontrollutvalet | 14.6.2017 |

OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK

Sekretariatet si tilråding

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av oppfølging av politiske vedtak til orientering.

Utvalet vil framleis oppmode administrasjonen om å legge vedtaksoppfølging inn i perioderapporteringa til kommunestyret.

Bakgrunn for saka

I samsvar med Kommunelova si § 77, 1 skal kontrollutvalet på vegne av kommunestyret føre det løpende tilsyn og etterfølgjande kontroll med kommunen si verksemd og forvaltning.

Kontrollutvalet skal sjå til at den kommunale forvaltninga er i samsvar med politiske vedtak og føresetnader. Dette inneber mellom anna å følgje med på om poliske vedtak vert følgt opp av administrasjonen.

Som vedlegg til saka følgjer:

- Lister over vedtaksoppfølging, datert 31.5.2017

VURDERING

Kontrollutvalet fekk hausten 2016 framlagt oversikt over politiske vedtak som ikkje var sett i verk. Under handsaming av saka, vart det peika på at det ikkje kom fram i listene kva år vedtak var gjort.

Kontrollutvalet oppmoda i sak 27/16 administrasjonen om å gjere vedtaksoppfølginga til ein meir automatisert prosess, slik at ein ikkje treng å gå langt tilbake i tid og lage eigne oversikter.

Utvalet oppmoda administrasjonen om å legge vedtaksoppfølginga inn i perioderapporteringa til kommunestyret, slik fleire andre kommunar gjer.

Administrasjonen har ikkje følgt denne oppmodinga. Kontrollutvalet har også i 2017 motteke restanselister frå saks- og arkivsystemet.

Det er ei forbetring i listene som no er mottekne, at det for dei fleste saken ligg inne ein opplysende tekst i merknadsfelt om status for saka. Listene viser framleis ikkje oversikt over når eller kva politiske vedtak dette gjeld, men Anita Otterlei har opplyst at den datoen som ligg i feltet «Frist», er ca. 1 veke etter vedtak vart gjort.

Listene viser at det er to vedtak frå kommunestyret, gjort i 2016 eller tidlegare, som ikkje er sett i verk. Dette gjeld:

- Skogrydding (vedtak frå 2013)
- Gjenkjøp av leidningsnett frå Auka Gass – gjennomføring av pkt. 4. i avtale frå januar 2007 mellom Aukra Gass AS og kommunen (vedtak frå 2016).

Økonomirapportering pr. 31.8.16 skulle ikkje vore med på lista og dei andre sakene er frå 2017.

Lister frå Drift- og arealutvalet viser at det er tre saker som framleis er under behandling

- Utbetring av veggrofter ved Hauglandsvegen og Frænavegen (vedtak frå 2015)
- Planid 201504. Detaljplan for ny veg mellom Gossen og Oterøya (vedtak frå 2015)
- Søknad om trafikktryggingstiltak på delar av Hauglandsvegen (vedtak frå 2016)

Dei andre politiske utvala i Aukra kommunen har ikkje vedtak, gjort i 2016 eller tidlegare, som ikkje er sett i verk.

At eit vedtak er sett i verk, betyr ikkje nødvendigvis at saka er avslutta.

Ved effektiv og rett bruk av kommunen sitt sakshandsamingssystem vil kommunen kunne ha god kontroll og oversikt over effektuerte politiske vedtak lett tilgjengeleg. Det ser ut til at dette no er godt ivareteke av administrasjonen.

Sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet held fast på vedtaket frå 2016 om å anode administrasjonen om å legge vedtaksoppfølging inn i perioderapporteringa til kommunestyret. Dette vil gje kommunestyret nyttig informasjon om vedtak som ikkje er sett i verk og årsakar til dette. Mange kommunar har valt ei slik løysing, og det er mogeleg å få tips frå desse om korleis det kan gjennomførast.

Jane Anita Aspen
daglig leder

Aspen, Jane Anita

Fra: Otterlei, Anita Raknes
Sendt: 31. mai 2017 13:58
Til: Aspen, Jane Anita
Emne: Vedtaksoppfølging
Vedlegg: KS.pdf; FSK.pdf; DRA.pdf

| | |
|---|----------------|
| Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal | |
| Kommunenr: 1547 | |
| Dato: 31 MAI 2017 | |
| Saks og Arkivnr: 1547 | Løpenr: 201/17 |
| Arkivkode: 047 | Gradering: |

Hei

Sender vedlagt listene som har noko innhald, kommunestyret, formannskapet og drift og arealutvalet. For livsløpsutvalet, administrasjonsutvalet og arbeidsmiljøutvalet er det tomme lister

Mvh

Anita Raknes Otterlei 1. kons. serviceavdelinga

Telefon direkte 71 17 15 10
Mobil 90 09 61 39
Telefon sentralbord 71 17 15 00
Postadresse Aukraringen 25, 6480 Aukra
www.aukra.kommune.no



Aukra kommune

Vedtaksoppfølging

ePhorte®

Seleksjon: Utvalg: 1 - Kommunestyret, Vedtakstatus: B - Under behandling

Rapport generert: 31.05.2017

2013/1367- Skogrydding

1

Utvalg: Nr: Vedtakstittel:
KS 1 Skogrydding

Status: Frist: Iverksatt:
Under 28.10.2013
behandling

Adm. enhet:
RÅD - Rådmannen

Saksansvarlig:
KJLO - Kjell Lode

Merknad:

Oversendes til videre handsaming

2016/335- Gjenkjøp av leidningsnett frå Aukra Gass - gjennomføring av pkt.4 i avtale frå januar 2007 mellom Aukra Gass AS og kommunen.

10

Utvalg: Nr: Vedtakstittel:
KS 1 Gjenkjøp av leidningsnett frå Aukra Gass - gjennomføring av pkt.4 i avtale frå januar 2007 mellom Aukra Gass AS og kommunen.

Status: Frist: Iverksatt:
Under 16.09.2016
behandling

Adm. enhet:
UTB - Utbygging

Saksansvarlig:
TRTU - Trond Tungesvik

Merknad:

Oversender saka til vidare utsending. Saka er overført til Trond tungesvik

Utvalg: Nr: Vedtakstittel:
KS 1 Gjenkjøp av leidningsnett frå Aukra Gass - gjennomføring av pkt.4 i avtale frå januar 2007 mellom Aukra Gass AS og kommunen.

Status: Frist: Iverksatt:
Under 16.09.2016
behandling

Adm. enhet:
UTB - Utbygging

Saksansvarlig:
TRTU - Trond Tungesvik

Merknad:

Oversender saka til vidare utsending. Saka er overført til Trond tungesvik

2016/529- Økonomirapportering pr. 31.8.16

30

Utvalg: Nr: Vedtakstittel:
KS 1 Økonomirapportering pr. 31.8.16

Status: Frist: Iverksatt:
Under 24.10.2016
behandling

Adm. enhet:
ØKO - Økonomiavdelinga

Saksansvarlig:
ERVA - Erna Varhaugvik

Merknad:

Oversendes til vidare utsending av særutskrift

Utvalg: Nr: Vedtakstittel:
KS 1 Økonomirapportering pr. 31.8.16

Status: Frist: Iverksatt:
Under 24.10.2016
behandling

Adm. enhet:
ØKO - Økonomiavdelinga

Saksansvarlig:
ERVA - Erna Varhaugvik

Merknad:

Oversendes til vidare utsending av særutskrift

2012/818- Finansiering av Kjerringsundet AS

63

Utvalg: Nr: Vedtakstittel:
KS 1 Finansiering av Kjerringsundet AS

Status: Frist: Iverksatt:
Under 31.05.2017
behandling

Adm. enhet:
RÅD - Rådmannen

Saksansvarlig:
GEGO - Geir J. Göncz

Merknad:

Særutskrift er utsendt

Utvalg: Nr: Vedtakstittel:
KS 1 Finansiering av Kjerringsundet AS

Status: Frist: Iverksatt:
Under 31.05.2017
behandling

Adm. enhet:
RÅD - Rådmannen

Saksansvarlig:
GEGO - Geir J. Göncz

Merknad:

Særutskrift er utsendt

2017/429-1 Kriterier for tildeling av langtidsplass i sjukeheim

*Slitte sakstak.
Planlesse*

*0
0*

Utvalg: KS
Nr: 1
Vedtaksittel: Kriterier for tildeling av langtidsplass i sjukeheim
Status: Under behandling
Frist: 31.05.2017
Iverksatt:

Adm. enhet:
INT - Institusjonstenester

Saksansvarlig:
SIHA - Siri Halvorsen

Merknad:
Oversendes til vidare ekspedering

Utvalg: KS
Nr: 1
Vedtaksittel: Kriterier for tildeling av langtidsplass i sjukeheim
Status: Under behandling
Frist: 31.05.2017
Iverksatt:

Adm. enhet:
INT - Institusjonstenester

Saksansvarlig:
SIHA - Siri Halvorsen

Merknad:
Oversendes til vidare ekspedering

Utvalg: KS
Nr: 1
Vedtaksittel: Kriterier for tildeling av langtidsplass i sjukeheim
Status: Under behandling
Frist: 31.05.2017
Iverksatt:

Adm. enhet:
INT - Institusjonstenester

Saksansvarlig:
SIHA - Siri Halvorsen

Merknad:
Oversendes til vidare ekspedering

Vedtaksoppfølging

ePhorte®

Seleksjon: Utvalg: 6 - Drift og arealutvalet, Vedtakstatus: B - Under behandling

Rapport generert: 31.05.2017

2015/253-7 Utbetring av veggrofter ved Hauglandsvegen og Frænvegen. Sak reist i møtet, jamfør kommunelova § 34, 1. ledd, andre setning

| | | | | |
|------------------------------------|-----------------------------|---|---|--|
| Utvalg: DRA | Nr: 1 | Vedtaksstittel: Utbetring av veggrofter ved Hauglandsvegen og Frænvegen. Sak reist i møtet, jamfør kommunelova § 34, 1. ledd, andre setning | Adm. enhet: TEB - Teknikk, eigedom og brann | Saksansvarlig: TORE - Torstein Engstad |
| Status: Under behandling | Frist: 16.06.2015 | Iverksatt: | | |

Merknad:

Oversendes til orientering og vidare handsaming. Blir lagt ut på anbod i løpet av mai/juni

2014/1409- Planid 201504. Detaljplan for ny veg mellom Gossen og Oterøya, 14 Kjerringsundsambandet

| | | | | |
|------------------------------------|-----------------------------|--|---|--|
| Utvalg: DRA | Nr: 1 | Vedtaksstittel: Planid 201504. Detaljplan for ny veg mellom Gossen og Oterøya, Kjerringsundsambandet | Adm. enhet: PLU - Plan og utvikling | Saksansvarlig: KJLO - Kjell Lode |
| Status: Under behandling | Frist: 24.12.2015 | Iverksatt: | | |

Merknad:

Oversendes til saksbehandlar. Saka er framleis under førebuing etter 1. høyring.

| | | | | |
|------------------------------------|-----------------------------|--|---|--|
| Utvalg: DRA | Nr: 1 | Vedtaksstittel: Planid 201504. Detaljplan for ny veg mellom Gossen og Oterøya, Kjerringsundsambandet | Adm. enhet: PLU - Plan og utvikling | Saksansvarlig: KJLO - Kjell Lode |
| Status: Under behandling | Frist: 24.12.2015 | Iverksatt: | | |

Merknad:

Oversendes til saksbehandlar. Saka er framleis under førebuing etter 1. høyring.

| | | | | |
|------------------------------------|-----------------------------|--|---|--|
| Utvalg: DRA | Nr: 1 | Vedtaksstittel: Planid 201504. Detaljplan for ny veg mellom Gossen og Oterøya, Kjerringsundsambandet | Adm. enhet: PLU - Plan og utvikling | Saksansvarlig: KJLO - Kjell Lode |
| Status: Under behandling | Frist: 24.12.2015 | Iverksatt: | | |

Merknad:

Oversendes til saksbehandlar. Saka er framleis under førebuing etter 1. høyring.

| | | | | |
|------------------------------------|-----------------------------|--|---|--|
| Utvalg: DRA | Nr: 1 | Vedtaksstittel: Planid 201504. Detaljplan for ny veg mellom Gossen og Oterøya, Kjerringsundsambandet | Adm. enhet: PLU - Plan og utvikling | Saksansvarlig: KJLO - Kjell Lode |
| Status: Under behandling | Frist: 24.12.2015 | Iverksatt: | | |

Merknad:

Oversendes til saksbehandlar. Saka er framleis under førebuing etter 1. høyring.

2016/90-21 Søknad om trafikktryggingstiltak på deler av Hauglandsvegen

| | | | | |
|------------------------------------|-----------------------------|---|---|--|
| Utvalg: DRA | Nr: 1 | Vedtaksstittel: Søknad om trafikktryggingstiltak på deler av Hauglandsvegen | Adm. enhet: TEB - Teknikk, eigedom og brann | Saksansvarlig: TORE - Torstein Engstad |
| Status: Under behandling | Frist: 22.09.2016 | Iverksatt: | | |

Merknad:

Oversendes til vidare utsending

2016/1329- Reguleringsplan Falkhytten Aust (PlanID 201605) - 1. offentlege høyring 6

| | | | | |
|------------------------------------|-----------------------------|---|---|---|
| Utvalg: DRA | Nr: 1 | Vedtaksstittel: Reguleringsplan Falkhytten Aust (PlanID 201605) - 1. offentlege høyring | Adm. enhet: PLU - Plan og utvikling | Saksansvarlig: BJST - Bjørge Stavik |
| Status: Under behandling | Frist: 12.04.2017 | Iverksatt: | | |

Merknad:

Sendes til saksbehandlar for vidare utsending



Saksframlegg

| Utvassaknr | Utval | Møtedato |
|------------|-----------------|-----------|
| PS 20/17 | Kontrollutvalet | 14.6.2017 |

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT. BESTILLING

Sekretariatet si tilråding

1. Kontrollutvalet bestiller følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt:
Offentlege anskaffingar i Auka kommune
2. Undersøkinga skal bygge på aktuelle problemområder som er skissert i saksframlegget
3. Prosjektet vert bestilt utført hos Møre og Romsdal Revisjon IKS.
4. Prosjektplan skal utarbeidas og leggas fram for kontrollutvalet.

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon følgjer av kommunelova § 77 nr. 4, og er utdjupa i Forskrift for kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner kapittel 5.

Det følgjer av forskrifta § 9 første ledd:

”Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.”

Plan for forvaltningsrevisjon viser innafor kva tema forvaltningsrevisjon skal gjennomførast. Kontrollutvalet i Aukra vedtok sin Plan for forvaltningsrevisjon 2016 -2019 i møte 15.9.2016, sak 22/16.

Aukra kommunestyre gjorde endeleg vedtak 11.10.2016, K-sak 77/16 Overordna analyse-Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019.

VURDERING

Forvaltningsrevisjonsarbeidet er ein sentral del av kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunal sektor og det er difor viktig at kontrollutvalet brukar plan for forvaltningsrevisjon som eit reiskap for å utøve ein mest mogeleg målretta og effektiv tilsynsfunksjon i kommunen, i tråd med kommunestyret sine signal.

Forvaltningsrevisjon gir kontrollutvalet høve til å fordjupe seg i ulike saksforhold innan alle verksemdsområder i kommunen. Forvaltningsrevisjon er nyttig for utvalet si kontrollverksemd, for internkontrollen og for forbetningsarbeidet i kommunen. Ved bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt har kontrollutvalet stor innverknad på dei problemstillingar prosjektet skal gje svar på. Det er difor viktig at kontrollutvalet drøfter grundig val av tema, føremål og problemstillingar for å sikre at prosjektet blir gjennomført i samsvar med utvalet sine ønskjer.

I førre valperiode så vart det gjennomført følgjande forvaltningsrevisjonar:

- Informasjonssikkerhet (2015)
- Kvalitet i sykehjemstjenester (2014)
- Kvalitet i hjemmebaserte tjenester (2013)

Følgjande tema er ut frå revisjonen si risiko- og vesentlegvurdering tatt med i plan for forvaltningsrevisjon i perioden 2016-2019:

- Plan- og styringssystemet herunder
 - helhetlig planlegging og oppfølging
 - kvalitetssystem, internkontroll, avvikshåndtering
- Offentlige anskaffelser
- Etikk og åpenhetskultur (oppfølging av etiske retningslinjer)
- Barn og unge herunder
 - barnehageområdet
- Helse, omsorg og velferdstjeneste herunder
 - psykisk helse og rus
 - boligsosialt arbeid

Revisjonen skriv vidare at følgjande tema også kan være aktuell for forvaltningsrevisjon i perioden 2016-2019:

- Omstillingsprosesser og prosjektstyring
- Brukermedvirkning
- Kompetanse og rekruttering herunder oppfølging av rekrutterings- og kompetanseplan innen områdene barnehage, helse, pleie og omsorg

Det prosjektet som no skal bestillast, er det første etter vedtatt plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019.

Sekretariatet har avgrensa saksframlegget til å beskrive dei tre første tema som er omtalt i Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019, sjølv om revisjonen ikkje har laga ei prioritert liste. Innafor vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019 står utvalet fritt til å velje tema for forvaltningsrevisjonsprosjektet som no skal bestillast,

Plan- og styringssystem herunder kvalitetssystem, internkontrollsystem, avvikshåndtering

Revisjonen skriv om dette området «*Flere og flere kommuner har de siste årene utviklet mer helhetlig og overgripende systemer. Mange kommuner har tatt i bruk elektronisk kvalitetssystem. Det viser seg at det tar tid å få dette på plass i mange kommuner. Dette gjelder også for Aukra kommune. Kommunen innførte 2013 et helhetlig kvalitetssystem; Compilo (tidligere benevnt som KvalitetsLosen). Systemet er blant annet lagt til rette for å melde avvik på uønskede hendelser, legge inn dokument, planer og prosedyrer og gjennomføre ROS-analyser.*

Det har vært gitt opplæring i Compilo og bruk av avvikssystem. Enhetene skal ha egne rutiner og prosedyrer for oppfølging av internkontroll på sine tjenesteområder. Det er utviklet en intern håndbok/ handlingsplan for ledere med fokus på felles satsingsområde og lederoppgaver.

De største risikoområdene eller utfordringene for kommunene knyttet internkontroll framover er iverksetting, opplæring, bruk og avvikshåndtering».

Det revisjonen skriv, viser at kommunen har slitt med å ta i bruk kvalitetssystemet, noko som kan utgjere ein risiko. I kontrollutvalet sitt møte 8.2.2017, under sak 04/17 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Informasjonssikkerhet i Aukra kommune», står det følgjande i

protokollen «*Servicesjef Aaslaug Søreide informerte også utvalet litt om kommunen sitt internkontrollsystem, Compilo. Dette er rådmannen sitt styringssystem. I systemet ligg det overordna planar, prosedyrar, retningslinjer og ein kan nytte systemet til avviksrapportering og risikoanalysar. Alle tilsette har tilgang til systemet, men det er dessverre ikkje alle einingane som har tatt det i bruk enda. Nokre av einingane nyttar andre system til avviksrapportering. Det gjeld både pleie og omsorg, teknisk og NAV. Det vert arbeidd med å få til integrering mot desse systema, slik at ein slepp å nytte fleire system.*».

Ei av dei tilrådingane som revisjonen kom med i denne forvaltningsrevisjonsrapporten var;

- *Kommunen bør utarbeide og implementere rutiner for melding av avvik frå bestemmelser om informasjonssikkerhet. Ledelsen bør formidle klare forventningar om at det meldes avvik knyttet til informasjonssikkerhet.*

Kommunen har etter dette vedtatt ein plan for informasjonssikkerhet og prosjektgruppa som har arbeidd med oppfølging av anbefalingane i forvaltningsrevisjonsprosjektet har som mål at når prosjektet blir avslutta, så skal ein handsame brot på informasjonstryggleiken som avvik i avvikssystemet Compilo.

Det kan soleis sjå ut som at den førre forvaltningsrevisjonsrapporten allereie har satt dette med avvikshandtering på dagsorden. Det kan indikere at ein bør vente med å velje eit slikt prosjekt.

Dersom kontrollutvalet likevel ønskjer å bestille eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på dette området, så kan aktuelle problemstillingar vere:

- Eksisterer det skriftlege og oppdaterte rutinar/prosedyrar for dei viktigaste arbeidsprosessane innan kommunen sine tenestemåter? Og i kva grad er desse gjort tilgjengelege?
- Har kommunen utarbeidd og implementert rutinar for melding av avvik og handtering av meldte avvik?

Offentlege anskaffingar

Revisjonen skriv om dette området; «*Kommunene må oppfylle krav i lov om forskrift om offentlig anskaffelse. Anskaffelsesregelverket er omfattende og erfaringsvis er innkjøpsområdet et område med risiko for brudd på regelverket. Innkjøp er et område som bør ha særlig oppmerksomhet.*

Det er viktig at kommunen utarbeider rutiner/ retningslinjer for etterlevelse av bestemmelsene i regelverket om offentlige anskaffelser. Kommunen må ha tilstrekkelig kompetanse og organisering på innkjøpsområdet knyttet til bestillerfunksjonen.»

I Aukra kommune vert det gjennomført svært mange investeringar. Dette gjer dette området til eit risikoområde. Samstundes så vil det at det vert gjort så mange investeringar også gje administrasjonen mykje kompetanse på feltet, noko som kan gje mindre risiko.

Sekretariatet vurderer at det kanskje er innafør dette temaet det er mest aktuelt å rå til at kontrollutvalet vel eit prosjekt.

Revisjonen kjem i planen med følgjande forslag til problemstillingar på dette området:

- Har kommunen føremålstenleg innkjøpsstrategi
- Blir varer og tenester kjøpt i samsvar med reglane om offentlig innkjøp
- Brukar kommunen rammeavtalane sine

Oppfølging av etiske retningslinjer

Revisjonen har også sett opp dette området som eit av dei tema som er særleg aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon på i Aukra kommune. Revisjonen skriv i plan for

forvaltningsrevisjon følgjande: « Økonomiske misligheter omfatter alt fra korrupsjon, regnskapsmanipulasjon, underslag, urettmessige belastninger av private utgifter etc. Begrepet misligheter er ikke et rettslig begrep, men benyttes i revisjonen som en fellesbetegnelse for tilsiktede handlinger som er utført for å oppnå en fordel for seg selv eller andre. I den norske straffeloven er **korrupsjon** definert som å kreve, motta eller aksepterer et tilbud om en utilbørlig fordel i anledning av stilling, verv eller oppdrag. Etske retningslinjer gir gjerne føringer knyttet til disse forholdene.

Aukra kommune har egne etiske retningslinjer vedtatt av kommunestyret i 2010 (sak 63/2010). Etske retningslinjer, inkludert rutiner for varsling som ble vedtatt av kommunestyret i 2009 (sak 76/2009), skal inngå som del av det nye kvalitetssikringssystemet.»

I Aukra kommune sin årsrapport for 2016 så står det at dei etiske retningslinjene skal reviderast i 2017.

Aktuelle problemstillingar innafør eit slikt prosjekt kan vere

- Korleis vert etiske retningslinjer etterlevd?
- Korleis vert brot på retningslinjene varsla og følgt opp?
- Er det etablert arenaer for etisk refleksjon?

Oppsummering

Ut frå dei tema som kjem fram i revisjonen si overordna analyse og kontrollutvalet sitt abeid som viser at det vert gjort svært mange investeringsprosjekt i Aukra kommune, rår sekretariatet til at kontrollutvalet vel Offentlege anskaffingar i Aukra kommune som tema for forvaltningsrevisjonsprosjektet som no skal bestillast.

Etter revisjonsstandarden som vert nytta for forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det i starten av prosjektet utarbeidast eit utkast til prosjektplan, som skal danne grunnlaget for gjennomføringa av prosjektet. Kontrollutvalet sine drøftingar vil danne grunnlag for revisor sin utarbeiding av prosjektplan. Revisjonen vil i prosjektplanen gjere presiseringar og avgrensingar i samsvar med standard for forvaltningsrevisjon. Prosjektplanen skal godkjennast av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet gir sekretariatet fullmakt til å følgje opp prosjektet på vegne av utvalet undervegs i prosessen. Prosjektrapport vert levert kontrollutvalet sitt sekretariat i tråd med prosjektplan.

Jane Anita Aspen
daglig leder



AUKRA KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2017-1547/03
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 6.6.2017

Saksframlegg

| Utvallssaksnr | Utval | Møtedato |
|----------------------|-----------------|-----------------|
| PS 21/17 | Kontrollutvalet | 14.6.2017 |

OPPFØLGINGSLISTE

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 3.5.2017.

I dette møtet er det lag opp til Oppfølging av politiske vedtak, men denne saka ligg på saklista med eige saksnummer. Ut over denne saka er det ikkje lagt opp til orienteringar frå kommunen sin administrasjon knytt til saker på oppfølgingslista.

VURDERING

Dersom det er saker utvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan desse verte fremma i møtet for oppføring på oppfølgingslista.

Jane Anita Aspen
daglig leder

**KONTROLLUTVALET I
AUKRA KOMMUNE**

SAKSOPPFØLGING

(à jour pr. 3.5.2017)

| Saker som er tatt opp: | Merknad: | Status: |
|--|--|--|
| <p>27.02.14 Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune Ansvar: Adm./sekr</p> | <p>Eit økonomireglement skal beskrive hovudreglane for den økonomiske styringa av kommunen si verksemd. Reglementet bør klargjere ansvaret mellom det politiske og det administrative nivået i kommunen og beskrive kommunen sine interne reglar og fullmakter. Økonomireglementet bør innehalde kommunen sine vedtak om økonomiplan, budsjett, rapportering, rekneskap og årsrapport. Økonomireglementet kan supplere delegeringsreglementet når det gjeld økonomisaker. Aukra kommune sitt økonomi-reglement er frå 2005 og vart revidert i desember 2009. Eit økonomireglement bør rullerast og oppdaterast jamleg.</p> | <p>27.02.14: Kontrollutvalet vil oppmode administrasjonen i kommunen om å revidere gjeldande økonomireglement slik at det er i samsvar med praksis. 01.07.14: Sekretæren skriv til kommunen og ber om at økonomireglementet vert revidert. 02.10.14: Økonomisjef Erna Varhaugvik orienterte. Økonomiavdeling har ikkje kapasitet i inneverande år å sette i gang arbeidet med revidering av gjeldande økonomireglement. 23.04.15: Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte. 11.06.15: Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein statusrapport til neste møte. 18.09.15: Rådmann orienterte. Bemanningssituasjonen i økonomiavdelinga har vore vanskeleg og avdelinga har av den grunn ikkje sett seg i stand til å prioritere dette arbeidet. Det er vurdert å kjøpe konsulenttenester for å fullføre arbeidet med revidering av økonomireglementet. Kontrollutvalet ser ikkje grunn for at kommunen skal få auka kostnadar ved kjøp av konsulenttenester og ber administrasjonen om å utsette dette arbeidet til bemanninga i avdelinga er tilfredstillande. Kontrollutvalet vil be administrasjonen om ein ny statusrapport til første møte i 2016. 17.02.16: Kontrollutvalet ønskjer i neste KU-møte å gjere ei gjennomgang av økonomireglementet, for å vurdere om dette er ei sak som kontrollutvalet framleis ønskjer å følge opp. 25.04.16: Rådmann og økonomisjef svarte på spørsmål i dagens møte, jf. OS 08/16. Kontrollutvalet konkluderer med at dei har tillit til at økonomireglementet vert revidert, og at det er viktig at det gjeldande økonomireglementet vert fulgt.</p> |
| <p>21.05.14 Ny organisering av pleie og omsorgstenestene i Aukra kommune Ansvar: Adm./sekr</p> | <p>Aukra kommune har gjort ei omorganisering av pleie- og omsorgstenesta ved å dele tenesta i to med ei eining for Institusjonstenester og ei for Heimetenester. Hensikta med</p> | <p>02.10.14: Einingsleiar for heimetenesta Jorunn Hurlen orienterte. Aukra kommune si pleie- og omsorgsteneste er frå 2014 delt i to einingar – Eining heimetenester og Eining institusjons-tenester. Bakgrunn for delinga</p> |

| | | |
|---|--|---|
| | <p>omorganiseringa er at det skal bli ei betre teneste for brukarane. Kontrollutvalet ønskjer ei orientering frå kommunen sin administrasjon til første møte hausten 2014.</p> | <p>er utfordringane med Samhandlings-reforma, revidert lovverk og forskrifter. Tenestene vil i framtida bli meir basert på kva brukarane rettmessig har krav på og skal tildelast etter vedtak. Sjå protokoll til orienterings-sak OS 10/14 i dagens møte. Kontrollutvalet ønskjer ei ny orientering om eit år.</p> <p>18.09.15: Rådmann bad om utsetting av orienteringa grunna sjukefråveret i avdelinga. Kontrollutvalet vil utsette orienteringa til neste møte.</p> <p>24.11.15: På grunn av stor saksmengde til dagens møte vert orienteringa utsett til neste møte.</p> <p>17.02.16: Rådmann og fung. einingsleiar orienterte i dagens møte jf. OS 07/16. Kontrollutvalet ønskjer ny statusrapport i kontrollutvalet sitt møte i november 2016.</p> <p>21.11.16: Grunna mange saker på sakskartet hadde ikkje sekretær etterspurt denne orienteringa frå adm. til dagens møte. Kontrollutvalet ønskjer at det vert prioritert å få denne orienteringa i første møte 2017.</p> <p>08.02.17: Kommunalsjef Jan Erik Hovdenak orienterte jf. OS 01/17. Kontrollutvalet vil følgje med på omstillingsprosessen knytt til det nye omsorgssenteret, men avsluttar oppfølging av denne saka.</p> |
| <p>25.02.15 Oppfølging av politiske vedtak Ansvar: Adm.</p> | <p>Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av formanns-kapet, kommunestyret, drift og arealutvalet, livsløps-utvalet og andre politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å følgje opp at administrasjonen sett i verk og gjennomfører dei vedtak som er vedteke av dei ulike politiske organ.</p> <p>Kontrollutvalet ønskjer årleg å få framlagt ei slik sak.</p> | <p>25.02.15: Sekretær vert beden om å skrive til rådmann og be om å få oversendt ei oversikt over politiske vedtak fatta i perioden 01.01.2010 – 31.12.2014 som av ulike årsaker ikkje er sett i verk.</p> <p>23.04.15: Sekretæren har sendt brev til Aukra kommune 18.03.2015 og bedt om å få framlagt slik oversikt. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt neste møte.</p> <p>11.06.15: Sekretæren har vore i dialog med politisk sekretariat i Aukra kommune vedr. arbeidet med å lage ei oversikt over politiske vedtak i perioden 2010 – 2014 som ikkje er sett i verk. Saka vil truleg komme opp i utvalet sitt første møte til hausten.</p> <p>18.09.15: Oppfølging av politiske vedtak vart lagt fram som eigen sak i dagens møte, jfr. sak PS 30/15.</p> <p>09.06.16: Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt ei slik oversikt i kontrollutvalet sitt møte i september 2016.</p> <p>15.09.16: Kontrollutvalet fekk framlagt oversikt i dagens møte, jf. Sak 27/16. Utvalet oppmodar om at oversikt vert lagt inn i perioderapporteringa til K-styret.</p> <p>03.05.17: KU fatta i 2016 vedtak om å</p> |

| | | |
|--|--|---|
| | | oppmode til at oppfølginga vert lagt inn i perioderapporteringa til kommunestyret. Sekretariatet har mottatt lister over vedtaksoppfølging frå adm., og har spurt om det betyr at oppmodinga ikkje blir følgt. Dersom oppfølging av vedtak ikkje vert lagt i perioderapportering, så får utvalet framlagt oversiktene i eiga sak i neste møte. |
| 09.06.16 Informasjon om prosess knytt til Aukra omsorgssenter Ansvar: Adm./sekr | Kontrollutvalet drøfta i møte 25.04.16 sak 12/16 Eventuelt mottatt spørsmål om evaluering av løysningsforslag knytt til Aukra omsorgssenter. Utvalet konkludere med at dette ikkje var ei sak for kontrollutvalet. For å bidra til ein open organisasjon, oppmodar kontrollutvalet rådmannen om å nytte kommunen si heimeside til å belyse avgjerdsprosessen, i tillegg til å gje informasjon om vidare steg i prosessen knytt til Aukra omsorgssenter. Heimesida er ein nyttig informasjonskanal også for framtidige prosjekt. Utvalet ønskjer å følgje opp om oppmodinga er blitt fulgt. | 21.11.16: Sekretær ser at det no er lagt ut informasjon om prosessen knytt til nye Aukra omsorgssenter på kommunen si heimesida. Utvalsmedlemmene vert oppmoda om å gå inn på sida og sjå før neste KU-møte. 08.02.17: Kontrollutvalet ønskjer at det på kommunen si heimeside jamleg vert informert om milepelar ved etablering av omsorgssenteret. |
| 15.09.16 Tilsynsrapport. Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa Adm./sekr | Endeleg tilsynsrapport, skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole (3 avvik). Utvalet frekk framlagt rapporten i dagens møte (OS 16/16). Kontrollutvalet ønskjer å få tilsendt kommunen sitt svar til fylkesmannen om korleis dei har lukka avvika og fylkesmannen sitt tilsvaret til kommunen. Utvalet ønskjer også å få ei orientering frå administrasjonen om innhaldet i tilsynet, då dei syntes det var vanskeleg å få ei forståing for dette fagfeltet ut frå denne tilsynsrapporten. | 08.02.17: Kommunalsjef Jan Erik Hovdenak orienterte utvalet, jf. OS 09/17. Utvalet ønskjer å følgje saka til etter at grunnskulen sin tilstandsrapport for 2017 vert lagt fram, for å sjå om ein kan spore forbetringar. |
| 21.11.16 Tilsyn med tvungen helsehjelp etter pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A i Aukra kommune 2016 Adm./sekr. | Fylkeslegen har hatt tilsyn og avdekt to avvik knytt til; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette ar nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til | |

| | | |
|--|---|--|
| | <p>pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Kontrollutvalet ønskjer å følge opp dette tilsynet også i lys av at tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenster i Aukra kommune» som avdekte utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen.</p> | |
|--|---|--|



AUKRA KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2017-1547/03
Arkiv: 033
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 6.6.2017

Saksframlegg

| Utvassaksnr | Utval | Møtedato |
|--------------------|-----------------|-----------------|
| PS 22/17 | Kontrollutvalet | 14.6.2017 |

EVENTUELT

Referat frå Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sitt årsmøte og fagsamling

Deltakarane frå kontrollutvalet i Aukra gjev utvalet referat.